



## Notat

Dato  
LEIKANGER, 25.10.2017

Til: Kontrollutvalet v/ Einar Ulla

Frå: Ass fylkesrådmann / bygge- og eigedomssjefen

### **Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg**

Det vert vist til KU sak 8/2017 Forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg – oppfølging av vedtak i FT sak 12/16. I kontrollutvalet sitt vedtak i saka (pkt 3) ber dei fylkesrådmannen vurdere dei øvrige tilrådingane i rapporten slik fylkestinget ba om i sitt vedtak i FT sak-12/16.

Tilrådingane som det her er peika på er:

- a) Vurdere å operasjonalisere dei overordna måla som er sett for bygge og eigedomstenesta sitt arbeid
- b) Vurdere å utarbeide ein strategi for det vidare arbeidet med universell utforming ved skulane, som mellom anna inneheld gjennomføringsplan og prioritering av tiltak

Fylkesrådmannen har i sitt notat av 19.01.17 vurdert tilrådingane i den forstand at dei i stor grad vert ivaretakne gjennom eksisterande rutinar. I løpet av året, og på bakgrunn av kontrollutvalet si sak, har fylkesrådmannen vurdert tilrådingane på nytt.

#### Vedr pkt a – operasjonalisere mål

Rapporten frå Deloitte AS la i si tid vekt på at ei operasjonalisering av måla kunne bidra til eit tydlegare styringsgrunnlag. Tenesta sine vurderinger omkring dette er referert i notat av 19.01.17, der vi meiner vedlikehaldsplanlegginga er tydleg og detaljert. I tillegg vert både faglege og brukarmessige omsyn ivareteke med faste møter og utarbeiding av årsplanar. Det er fylkesrådmannen si vurdering at dette er godt nok ivareteke som ein oppfølging av den overordna balanserte målstyringa fylkeskommunen har. Bygge- og eigedomstenesta fyl opp dette med å bruke årsplan som måleindikator slik systemet legg til rette for. Fylkesrådmannen ser det derfor ikkje tenleg å ytterlegare detaljere denne oppfølginga med meir detaljerte operative mål. Vurderinga må og sjåast i samanheng med den vurderinga Deloitte AS sjølv har oppsummert med i samandraget i rapporten « ..... at ansvarsfordelinga mellom eigar, forvaltar og brukar av skulebygga, når det gjeld det fysiske miljøet er tydeleg».

#### Vedr pkt b – strategi for arbeid med universell utforming

Bygge- og eigedomstenesta hadde ein nærmare gjennomgang av status på arbeid med universell utforming i august/september inneverande år. I den samanheng vart det utarbeida ein strategi for det vidare arbeide med universell utforming. Dette dokumentet fylgjer vedlagt.

Fylkesrådmannen meiner dette gjer det tydeleg korleis arbeidet vert prioritert og fylgt opp for at dette arbeidet skal ha fokus i både nye prosjekt og ved rehabilitering av eksisterande bygningsmasse.

Fylkesrådmannen meiner med dette saka om vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg kan lukkast.